



Alice Roseth Eik og mannen hennar er yrkesfiskarar med egne farty. No også med fast styreplass i Norges Kystfiskarlag.

Alice Roseth Helleberg (32 år) frå Uskedalen, busett på Ølberg i Sola kommune, er vald inn med fast plass i styret for Norges Kystfiskarlag. Ho er også den einaste kvinna som har denne funksjonen i landsstyret. Kystfiskarlaget er bygd opp og vert drive av kystfiskarane. Målet er sterkare medverknad for kystfiskaren i fiskerinæringa.

Alice er dotter til Solfrid Eik Skarveland. Besteforeldra er Eli Roseth Eik og Roald Eik. Ho har utdanning som helsefagarbeidar og er registrert som fiskar med eigen båt. Mannen hennar, Kurt Inge Helleberg, er fiskar i 4. generasjon. Dei er busette på Ølberg, like ved Ølbergstranda i Sola kommune.

Alice er den andre registrerte fiskaren i landet som har hatt fødselpermisjon. Det var då ho fekk Konrad Kristoffer, som no er eit år. Vesleguten var med til Lofoten på fiske i vinter. Han var for liten til å kunna bu i båten. Difor valde dei å leiga ei rorbu.

Kurt Inge fiskar krabbe. Alice med god hjelp frå svingerforeldra styrer eit industrikjøkken der dei kokar krabben og sel. Dei bur i det gamle huset på tunet, men no er tomta graven ut og gjort klar for nybygg.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Privat